



NIBIO


NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

Hjorteskade på eng - resultat frå forsøk

Samson Øpstad, NIBIO Fureneset. Fagsamling Askvoll 25.11.21



Fellingstal for hjort og elg frå 1915 t.o.m. jaktåret 2020.



Kilde: Elgjakt og Hjortejakt, Statistisk sentralbyrå.

Hjorten sin områdebruk, og beiting på innmark

- Det føreligg spreidd, men omfattande materiale som dokumenterer hjorten sin områdebruk (norsk, svensk, mellomeuropeisk (tysk), skotsk)
- Innmark utgjer stor del av beitegrunnet/fôrgrunnet i store deler av året for hjort
- Skog tener som ly/opphaldsområde i ein stor del av døgeret
 - Ung produksjonsskog (hkl 3-4) og skog som nærmar seg hogstmogen (hkl 4-5)
 - Beitar av det som er i skogen i opphaldstida
- Plantefelt/foryngingsfelt
 - Har næringsrik vegetasjon av ettertrakta beiteplanter
 - Er ettertrakta beiteområde. Planter av gran og furu utsette for skotbeiting

Grunnlaget for hjorteviltforvaltninga

- Lov om jakt og fangst av vilt – Viltlova
- Lov om forvaltning av naturens mangfold – Naturmangfaldslova
- Lov om skogbruk – Skogbrukslova
- Styringsverktøy er:
 - Forskrift om forvaltning av hjortevilt, med kommentarer
 - Miljødirektoratet veileder M478, 2016


Tabell 6. Estimert avlingstap (FEm/daa) i fire tapsnivå gruppert på engalder. Datagrunnlag Eikås storvald i Jølster. Etter Thorvaldsen og Rivedal 2014.

Skadenivå Engalder	Ubetydeleg (Nivå 1)	Moderat (Nivå 2)	Sterkt (Nivå 3)	Svært sterkt (Nivå 4)
1-2 års eng	13	73	115	188
3-4 års eng	4	56	89	154
Eng 5 år og eldre	0	39	63	119

Bilete frå forsøksfelt lagt ut i attlegg året før. Bilete teke 11.mars i Guddal i Fjaler.



Haustbar grasavling på ung eng ved første slått med (vinter/vårbeita) og utan (kontroll) hjortebeiting. Dei vinterbeita rutene var opne frå hausten av og gjennom heile vinteren fram til dei vart gjerda inn 11. mars. Vinter- og vårbeita ruter var opne for beiting haust, vinter og vår fram til første slått. Desse rutene er uttrykk for den totale avlingsreduksjonen i forsøket. Tjukk strek markerer snittet for alle rutene i forsøket, boksen illustrerer kor 50 prosent av målingane ligg. Etter Thorvaldsen og Rivedal (2014).




Frå hausting av andreslått på forsøksfelt i Norddal i Fjaler 25.08.2017. Enga er nett hausta.



Foto: Arve Arstein, NLR Vest

Avlingsreduksjon av hjortebeiting på ung eng i høgdesone 350-400 m.o.h. i fire engår. Tre lokaliteter. Verdi pr Fem tapt grovfôr er sett tilnærma kraftfôrpris kr 4,00. Etter Øpstad, Thorvaldsen og Arstein 2021.



Vominnhald i hjortar felt på Hitra i høvesvis snørik vinter og snøfattig vinter.
Etter Vaag 1980 (Materiale sankta av Per Wegge)

Vominnhald (ca.) hjå hjort i snørik vinter	Vominnhald (ca.) hjå hjort i snøfattig vinter
15 % grasaktige fragment	75 % grasaktige fragment
58 % blad av vintergrøne artar: furu, einer, tyttebær, mjølbær, røsslyng, krekling	7 % blad av vintergrøne artar
25 % treaktige artar: kvist og bark frå tre, busk- og lyngartar (stengeldel)	14 % treaktige artar

Anna forskning underbyggjer kva hjorten føretrekkjer å beita gjennom året (Albon & Langevatn 1992, Fredly 2006, Latharm et al. 1997, Mysterud et al. 2002)

- Gras utgjer hovuddelen av fôrgrunnlaget gjennom stor del av året
- Er variasjon mellom dyr/kjønn og område, og mellom år
- Urteaktige fragment, innslaget høgast i perioden mai-sept
- Lav representert i vinterdietten, mose lite
- Lauv, skot/knoppar, bark og kvist – særleg av rogn, osp, selje/salix-artar, ask, gran og furu
- Lyng: blåbær, tyttebær, røsslyng

Oppsummering

Innmark:

- Avlingsnedgang grunna hjortebeiting – ofte 15-20 %
- Ved sterkt beitepress 20-30 % (i blant meir)
- Hjortebeiting fører til tidlegare aldring av enga, yterike grasartar (særleg timotei) går ut – villgrasartar og ugras kjem inn
- Engfornyng med godt resultat vert vanskeleg

Skog:

- Skadepresset av hjort i plantefelt og ungskog så stort at skogetablring med tilfredsstillande resultat er vanskeleg,
- Skogeigar vurderer det som risikofylt og lite interessant økonomisk
- Barkgnag i hogstklasse 3 og 4 på gran kan medføre monalege tap

Skadeverknad av hjortebeiting på innmark og skog er og ei samfunnsøkonomisk utfordring

- Evaluering av «Strategi for forvaltning av hjortevilt» skriv i samandraget: Totalt sett virker mange av de store utfordringene i forvaltning av hjortevilt likevel å være de samme i dag som i 2009. ---vi har fortsatt utfordringer med beite- og skogskader (av hjort)

Ståstad:

- Faggrunnlaget for hjorteforvaltning er no langt betre enn tidlegare, med grunnlag i ny kunnskap
- Det er no truleg større interesse motsetnader mellom dei som ynskjer ei stor hjortestamme («jegerinteressar») og dei som ynskjer forvaltning etter faggrunnlag

Spørsmål:

- Vert faggrunnlaget for hjorteforvaltning i tilstrekkeleg grad nytta av grunneigarstyrd- og offentleg styrd hjorteforvaltning?
 - er det samsvar mellom målsetjingar og tiltak
 - vert vedtekne overordna retningslinjer for hjorteforvaltning følgde